



DET KONGELIGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Statsråden

Stortingets transport- og kommunikasjonskomité
Stortinget
0026 OSLO

Deres ref

Vår ref
25/2686-

Dato
8. mai 2025

Svar på dokument 8:219 S (2024-2025) om ansvar for statlig bygde bruer

Eg viser til brev av 23. april 2025 med representantforslag dokument 8:219 S (2024-2025) om ansvar for statlig bygde bruer fra Sigbjørn Gjelsvik, Else Marie Rødby, Sandra Borch, Trine Fagervik, Åslaug Sem Jacobsen, Kathrine Klevland og Kjerstin Wøyen Funderud. Representantene fremmer følgjande forslag:

«Stortinget ber regjeringa sørge for ein praksis der staten fortsatt skal ha vedlikeholdsansvar for bruer som staten har bygd, sjølv om det er kommunale vegar eller fylkesvegar på kvar side av brua.»

I grunngjevinga skriv representantane at Statens vegvesen og Bane NOR med forløparane sine har finansiert og bygd mange bruer som går over veg som staten har ansvar for. Det same kan seiast om bruer som kryssar over fylkesveg. Representantane viser til at mange av konstruksjonane er enkle bruer, men at vedlikehald kan kosta store beløp over tid.

Vidare skriv representantane at mange kommunar manglar kompetanse til å halda ei jernbanebru ved like.

Representantane viser til Burum bru i Råde kommune. Dette er ei vegbru på kommunal veg som kryssar jernbanen, ikkje ei jernbanebru.

Veglova § 9 tredje ledd seier: Vegstyremakt for kommunale vegar er kommunen. Vidare følgjer det av veglova § 20 at staten ber utgiftene til planlegging, bygging, utbetring, vedlikehald og drift av riksvegar, her òg utgiftene til eigedomsinngrep. Eit statleg utbyggingsselskap for veg ber desse utgiftene for riksvegar som selskapet har ansvaret for. Fylkeskommunen ber desse utgiftene

for fylkesvegar og kommunen for kommunale vegar.

Vidare blir det slått fast i veglova § 1 andre ledd attil veg blir òg rekna opplagsplass, parkeringsplass, haldeplass, bru, ferjekai eller anna kai som står i beinveges samband med veg eller gate.

Det er i veglova gitt ei klar oppgåvefordeling mellom dei ulike vegstyresmaktene som inneber at både kommunar og fylkeskommunar må finansiere drift og vedlikehald av sine egne vegnett inkludert bruer. Fylkesveg inngår i kostnadsnøkkelen for rammetilskotet til fylkeskommunane.

Det som er fastset i veglova § 9 første ledd er ikkje til hinder for at vegstyremaktene i særlege høve blir samde om ei nærare fastset fordeling når det gjeldet utgifter til planlegging, bygging og utbetring av veg, og det har over tid blitt etablert ulik praksis rundt om i landet. Grunnlag for likare praksis er omhandla i høyringa av forslag til revidert bruforskrift og ny vegklasseforskrift. Denne er avslutta og Samferdselsdepartementet har ikkje mottatt SVV sin samanfatning av høyringsinnspel. Eg vil derfor ikkje forskotere departementet si vurdering av forslaget etter høyringa.

Representantane skriv at mange kommunar manglar kompetanse til å kunna halda ei bru ved like (eller jernbanebru slik det er skrive). Dette er kompetanse alle kommunar som eig bruer over veg, bane, vatn eller terreng må ha eller kjøpe. Det er bruer over vatn eller terreng i mange kommunar i dag (som ikkje kryssar veg eller bane), og kommunane har eit ansvar for desse bruene. I tillegg til drift og vedlikehald kjem det eit ansvar for å fastsetja bruksklasse (tillaten trafikklast) på desse bruene. Dette er data som kommunane pliktar å senda til Statens vegvesen som fastset veglister for desse vegane.

I forslaget frå representantane skriv dei: Stortinget ber regjeringa sørgja for ein praksis der bruer som staten har bygd skal staten framleis ha vedlikehaldsansvar for, sjølv om det er kommunal- eller fylkesvegar på kvar side av brua.

Som beskrive over er dette ikkje i tråd med gjeldande veglov. På den andre sida har Staten allereie gitt føringar om å vareta tryggleiken for kommunale bruer fram til ny forskrift er vedteke. I proposisjon til Stortinget for budsjettåret 2025 (Prop. 1 S) står det:


Statens vegvesen og fylkeskommunene har i flere tilfeller dekt kommunenes utgifter til vedlikehold av kommunale over- og underganger som krysser riks- og fylkesvei. Det legges opp til at Statens vegvesen skal videreføre denne praksisen i 2025 for over- og underganger som krysser riksvei, så langt det er nødvendig for å ivareta sikkerhet og fremkommelighet på riksveien.

For bruer på fylkesveg er denne problemstillinga mindre relevant. Etter det

Statens vegvesen kjenner til, tek alle fylkeskommunane vare på sitt ansvar for bruer på fylkesveg som kryssar riksveg eller kommunal veg i samsvar med gjeldande veglov. Dette inkluderer inspeksjon, drift, vedlikehald og utskifting av gamle bruer ved behov.

Det følger av oppgåvefordelinga mellom forvaltningsnivå at både kommunar og fylkeskommunar må finansiere drift og vedlikehald av sine egne vegnett inkludert bruer. Forslaget som er fremma vil bryte med dette prinsippet og eg tilrår derfor at det ikkje vert vedteke.

Med hilsen

A handwritten signature in black ink, reading "Jon-Ivar Nygård". The signature is written in a cursive, flowing style with some capitalization.

Jon-Ivar Nygård